

**Utval:** Fylkesutvalet**Dato og** 23.04.2014: Hotel Grand Terminus, møterom Forskjønnelsen**møtestad:** 24.04.2014: Fylkeshuset, fylkesutvalsalen**Tidspunkt:** 23.04.2014: Kl. 11.00-15.30

24.04.2014: Kl. 11.00-12.30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Sveinung Valle	Representant	A	
Astrid F. Selsvold	Representant	A	
Nils-Olav Nøss	Representant	A	Berre 24. april
Marte Malones	Representant	A	
Terje Søviknes	Representant	Frp	
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H	
Mona Røsvik Strømme	Representant	H	
Inge Reidar Kallevåg	Representant	H	
Birthe Eriksen	Representant	H	
Torill Selsvold Nyborg	Representant	KrF	23. april: frå kl. 13.00
Benthe Bondhus	Representant	Sp	
Aud Karin Oen	Representant	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører	V	23. april: frå kl. 14.00

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Silje Hjemdal	Representant	Frp	
Sigbjørn Framnes	Representant	Frp	

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Parti	Merknad
Inger Ulvund (23. og 24. april)	Silje Hjemdal	Frp	
Gustav Bahus (24. april)	Sigbjørn Framnes	Frp	

**Følgjande varamedlemer møtte i sak 83/14 (24. april):**

Namn	Møtte for	Parti	Merknad
Dan Femoen	Inge Reidar Kallevåg	H	
Rosalind Fosse	Inger Ulvund	Frp	
Marianne S. Bjørøy	Astrid F. Selsvold	A	
Pål Kårbø	Torill Selsvold Nyborg	KrF	

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling	Merknad
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi	Fung. Fylkesrådmann
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett	
Anne Aune	Fylkesarkivar	
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel	
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring	
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional	
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon	

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 78/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 79/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 80/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 46/14	Endringar i organisasjonsstrukturen i Skyss	2014/13574	
RS 47/14	Riksantikvaren - Arkeologisk seksjon - årsrapport 2013	2014/14071	
RS 48/14	Melding - Oppdatert utgåve av Miljøstrategi for Skyss	2014/13105	
RS 49/14	Midler til vidare utbygging av Bergen Lufthavn Flesland må sikres	2014/13628	
RS 50/14	Innsigelsar i plansaker etter plan- og bygningsloven	2014/12280	
RS 51/14	Trafikkutvikling i Indre Hardanger	2014/12771	
RS 52/14	Kulturlandskapsprisen 2014	2014/13698	
RS 53/14	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland pr 31.03.2014	2014/10180	
RS 54/14	Brev til høringsinstansar - orientering om endelig anbefaling om minimum indikatorsett for oppfølging av bymiljøavtaler	2014/54	
RS 55/14	Forvaltning av Pilegrimsleden - Overføring av forvaltningsmyndighet fra fylkeskommune til Nasjonalt pilegrimssenter	2014/14548	
PS 81/14	Delegerte saker		
DS 9/14	Regionalt forskingsfond Vestlandet - Styrings- og administrasjonskostnader 2014	2014/14629	
PS 82/14	Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjar	2014/14018	
PS 83/14	Regionalt bompengeselskap i Hordaland - rapport	2014/13939	
PS 84/14	Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune - revisjonsrapport	2014/862	
PS 85/14	Fordeling av midlar til regional planlegging 2014	2014/13264	
PS 86/14	Søknad frå Fjordhesten AS om ruteløyve for strekningar i Åsane	2014/11528	
PS 87/14	Evaluering av konkurranseutsetjing av reinhald på 3 vidaregåande skular	2014/13280	
PS 88/14	Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om ruteløyve for strekninga Breistein - Valestrand	2014/11512	
PS 89/14	Investeringsmidler 2014 - Omfordeling av 2 millioner	2014/12603	
PS 90/14	Nye retningslinjer for avsetjing til frie fond ved dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule	2014/12635	

PS 91/14	Fylkeskommunale gardsbruk - fordeling av investeringsmidler 2014	2014/598
PS 92/14	Samarbeid med CONNECT Vest-Norge, 2014 - 2017.	2014/12700
PS 93/14	Tilskot til utbygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune	2014/26
PS 94/14	Ymse	

## **PS 78/14 Godkjenning møteinnkalling**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

**Astrid F. Selsvold** tok opp følgjande problemstilling:

- Møteboka frå førre møte ligg vanlegvis ikkje under saksnummeret i Dropbox. Dette er det einaste saksdokumentet som ikkje ligg i Dropbox. Dei folkevalde må i staden leite etter møteboka i e-innsyn. Selsvold bad difor om at også møteboka frå førre møte vert lagt i Dropbox.

**Astrid F. Selsvold** bad også om å få

- Ei eiga Dropbox-mappe for møteprotokollar.
- Tilgang til Dropbox-mappene for dei andre utvala. Fylkesordføraren svarte at dei som ønskjer slik tilgang må melde frå til sekretariatet, [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

#### **Saklista**

Sak 83/14 vert behandla først, deretter vert sakene behandla i rekkjefølgje.

Sak 87/14 mangla m.a. saksprotokoll frå møte i administrasjonsutvalet.

**Tom-Christer Nilsen** sette fram slikt forslag:

"Sak 87/14 vert utsett til neste møte".

#### **Røysting**

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Sak 87/14 vert utsett til neste møte.

Ut over dette vart innkallinga og saklista godkjende utan merknader.

## **PS 79/14 Godkjenning møtebok forrige møte**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

#### **Vedtak**

Møteboka frå fylkesutvalet 27.03.2014 vart godkjend utan merknader.

## **PS 80/14 Referatsaker (Meldingar)**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Referatsak 51/14 Trafikkutvikling i Indre Hardanger vart kommentert av **Torill Selsvold Nyborg, Mona Hellesnes, Terje Søviknes, Benthe Bondhus** og **Nils-Olav Næss**.

I samband med referatsak 52/14 Kulturlandskapsprisen 2014 påpeikte **Torill Selsvold Nyborg** at det skjer ei sentralisering, og at fylkeskommunen bør arbeide for å få styrerepresentantar frå fylka.

#### **Vedtak**

Referatsaker 46-55/14 vart tekne til orientering.

**RS 46/14 Endringar i organisasjonsstrukturen i Skyss**

**RS 47/14 Riksantikvaren - Arkeologisk seksjon - årsrapport 2013**

**RS 48/14 Melding - Oppdatert utgåve av Miljøstrategi for Skyss**

**RS 49/14 Midler til vidare utbygging av Bergen Lufthavn Flesland må sikres**

**RS 50/14 Innsigelser i plansaker etter plan- og bygningsloven**

**RS 51/14 Trafikkutvikling i Indre Hardanger**

**RS 52/14 Kulturlandskapsprisen 2014**

**RS 53/14 Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland pr 31.03.2014**

**RS 54/14 Brev til høringsinstanser - orientering om endelig anbefaling om minimum indikatorsett for oppfølging av bymiljøavtaler**

**RS 55/14 Forvaltning av Pilegrimsleden - Overføring av forvaltningsmyndighet fra fylkeskommune til Nasjonalt pilegrimssenter**

#### **PS 81/14 Delegerte saker**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

#### **Vedtak**

Delegert sak 9/14 vart referert.

**DS 9/14 Regionalt forskingsfond Vestlandet - Styrings- og administrasjonskostnader 2014**

#### **PS 82/14 Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjar**

##### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5 og punkt 6.4 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

##### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 09.04.2014**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

##### **Innstilling**

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5 og punkt 6.4 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

##### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5 og punkt 6.4 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

## PS 83/14 Regionalt bompengeselskap i Hordaland - rapport

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek førebels rapporten «Regionalt Bompengeselskap i Hordaland» til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal for at HFK kan etablere eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablere eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

### Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014

Spørsmål om ugildskap for medlemmane i utvalet vart teke opp. Alle medlemmane som er styremedlem eller varamedlem til styre i bompengeselskap gjekk frå ved handsaming av spørsmålet om ugildskap. Det galdt fylgjande medlemmer:

Gustav Bahun – varamedlem i bompengeselskapet Bergen-Os

Atle Kvåle – styremedlem for bompengeselskapet Bergen-Os og Askøypakken

Anne-Line Innvær – varamedlem for Sunnhordland bru- og tunnelselskap

Øyvind Hardeland – styremedlem for Halsnøysambandet

Jostein Ljones – styremedlem for Kvammapakken

Pål Kårbø – styremedlem for Sunnhordland bru- og tunnelselskap og Nordhordlandspakken

Inger Ulvund – styremedlem i Askøypakken og Osterøy Bruselskap

Silja Ekeland Bjørkly – varamedlem til Nordhordlandspakken

Einar Lutro – styreleiar i Hardangerbrua og styremedlem i Norvegfinans

Stein Inge Ryssdal – Styremedlem i bompengeselskapet Bergen-Os og Austevoll bompengeselskap

Alf Helge Greaker – styremedlem i Askøypakken og Bergen bompengeselskap.

Fylgjande varamedlemmer tok plass ved vurdering av habiliteten:

Tor Turøy (V), Wenche Tislevoll (H), Gunnar Bakke (FRP), Sandra Valskog (A), Sveinung Valle (A).

Eli Berland tok over leiinga av utvalet ved handsaminga av habilitetsspørsmålet.

Utvalet fann at fylgjande medlemmer er habile ettersom dei kun har vore sporadisk møtande varamedlemmer:

Anne-Line Innvær

Silja Ekeland

Gustav Bahun

Pål Kårbø vart funne habil av di Nordhordlandspakken så langt kun er eit pådrivarselskap og Sunnhordland bru- og tunnelselskap er under avvikling.

Varamedlem Tom Sverre Tomren vart funne habil som varamedlem i Nordhordlandspakken.

Utvalet (14 medlemmar) handsama deretter saka.

Før sakshandsaminga tok til orienterte Øistein Jensen frå PWC om innhaldet og konklusjonane i rapporten

**Sveinung Valle** sette fram forslag til endra pkt 2 og nytt pkt 3.

2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapsstrukturen.
3. Fylkesutvalet ynskjer tilbakemelding på svara samferdselsdepartementet gjev om framtidige rammer og bompengeselskapsstruktur før arbeidet med etablering av eit regionalt bompengeselskap vert starta opp.

### Røysting

Sveinung Valle sitt forslag til endra innstilling fekk 4 røyster og fall.  
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke med 10 røyster.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek førebels rapporten «Regionalt Bompengeselskap i Hordaland» til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal for at HFK kan etablere eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablere eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Følgjande gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i bompengeselskap, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e:

Inge Reidar Kallevåg	Bømlo Vegselskap AS og Bergen Bompengeselskap AS
Inger Ulvund	Osterøy bruselskap AS og Askøy Bompengeselskap AS
Astrid Selsvold	Hardangerbrua AS og Voss og omland Bompengeselskap AS
Torill S. Nyborg	Bergen-Os Bompengeselskap AS
Terje Søviknes	Bergen-Os Bompengeselskap AS

Følgjande vararepresentantar møtte:

Dan Femoen  
Rosalind Fosse  
Marianne S. Bjørøy  
Pål Kårbø

Det var 14 representantar til stades.

**Mona Røsvik Strømme** sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet ønskjer ein statusrapport i samband med saka i juni."

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.  
Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek førebels rapporten "Regionalt Bompengeselskap i Hordaland" til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal til at Hordaland fylkeskommune kan etablere eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablere eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.
3. Fylkesutvalet ønskjer ein statusrapport i samband med saka i juni.

## **PS 84/14 Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune - revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tar planen til orientering
2. Fylkestinget ber om at nødvendige ressursar vert stilt til rådvelde slik at tiltaka kan gjennomførast som planlagt.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.03.2014**

## Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til innstillinga.

Yrkesopplæringsnemnda ber om ei sak korleis ressursar vert stilt til disposisjon slik at tiltaka kan bli gjennomført.

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 08.04.2014

Ingrid Reitan sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

«Nytt pkt. 2: Fylkestinget ber om at ressursbehovet for oppfølging av tiltaksplan dekkes innanfor de eksisterende budsjetttrammer.»

**Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande forslag:

«Endre siste kulepunkt slik: Kartlegge om elev- og lærlingeombud kan være ei føremålstenleg ordning.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke saman med Rasmussen sitt endringsforslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 fekk 6 røyster og fall.

Reitan sitt forslag til nytt pkt. 2 vart vedteke med 7 røyster (H/FRP/V).

### Innstilling

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
1	<i>Undersøkje om det er mogleg på ein systematisk måte å sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheld avvika verksemder.</i>	Ferdig 15.4.14	Årleg gjennomgang av bedriftsdata-basen, årlege lister frå opplæringskontora på endringar i medlemsmassen, meir aktiv bruk av offentlege register for å sikre opplysningar, årleg orienteringssak	Fylkesdir. opplæring
2	<i>Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning</i>	Drøftast med YON innan 6.5.14.	Avklare roller, ansvarsfordeling, saksgang og rutinar.	Fylkesdir. Opplæring
3	<i>Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandi-datane</i>	Informerer på rådgivarsamlingane med ungdomsskulen og vg skule haust og vår. Informerer i møte med skule, lærekandidat og bedrift før dei inngår opplæringskontrakt. Promoterer sluttproduktet etter grunnkompetanseprosjektet, eit hefte om Yrkesfagleg grunnutdanning.	Tettare samarbeid med bedriftene på deira premissar. Samarbeid med OT/PPT, NAV og skulane om kven lærekandidatordninga er for, og kva muligheter som finst. Syte for at ordninga vert omtalt godt i søkjarhandboka.	Fylkesdir. opplæring
4	<i>Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon</i>	Konklusjon i løpet av våren -14. Må sjåast på i samband med budsjettarbeidet.	Avklare kor mange lærlingar i kva fag som kan få plass i HFK i åra framover.	Fylkesdir. organisasjon

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
5	<i>Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar</i>	Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014  Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14	Systematisere innsamling av data frå bedrifter og lærlingar.  Kvalitetssikre arbeidet med bedrifts-besøk  Årleg besøke alle oppl.kontor og eit visst tal på bedrifter ut frå fokus-område	Fylkesdir. opplæring
6	<i>Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse</i>	Sjå i samanheng med punktet over  Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014  Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14	Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd.  Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege «problemhevingar» og bedrifter med mange stryk.  Informasjon til lærlingar og bedrifter	Fylkesdir. opplæring
7	<i>Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs</i>	Høg prioritet frå 1.1.14 og dei næraste 3-5 åra.  Sak om rutinar og opptrappingsplan blir lagt fram på møtet i OPHE 3.6.14	Auke kapasiteten ved å: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøve ut eindagskurs</li> <li>• Ha tilbod om kveldskurs</li> <li>• Ha fleire bransjespesifikke kurs</li> <li>• Auke talet på ordinære kurs</li> </ul> Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar	Fylkesdir. opplæring
8	<i>Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde</i>	Avklare rutinar innan juni 2014.  Samarbeidsprosjekt 1.9.-31.10.14.	Avklare rutinar for arbeidet internt i opplæringsavdelinga. Også inkludere læreplasstal i samband med prognoseinntaket.  Samarbeidsprosjekt med opplæringskontor i TIP og EL.	Fylkesdir. opplæring
9	<i>Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet</i>	Plan ferdig innan 30.6.14. Iverksetting av tiltak frå 2015.	Følgjande tiltak kan vere aktuelle: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeid med opplæringskontora om informasjonsmøte for nye lærlingar</li> <li>• Fagopplæringskontoret arrangerer årlege informasjonsmøte for nye lærlingar utanfor oppl.kontor</li> <li>• Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning</li> </ul>	Fylkesdir. opplæring

1. Fylkestinget tar planen til orientering
2. Fylkestinget ber om at ressursbehovet for oppfølging av tiltaksplan dekkes innanfor de eksisterende budsjettammer.»

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.



## Innstilling til fylkestinget

### 1. Handlingsplan:

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
1	Undersøkje om det er mogleg på ein systematisk måte å sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheld avvikla verksemder.	Ferdig 15.04.2014	Årleg gjennomgang av bedriftsdata-basen, årlege lister frå opplæringskontora på endringar i medlemsmassen, meir aktiv bruk av offentlege register for å sikre opplysningar, årleg orienteringssak	Fylkesdir. opplæring
2	Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning	Drøftast med YON innan 06.05.2014.	Avklare roller, ansvarsfordeling, saksgang og rutinar.	Fylkesdir. opplæring
3	Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandi-datane	Informerer på rådgivarsamlingane med ungdomsskulen og vg skule haust og vår. Informerer i møte med skule, lærekandidat og bedrift før dei inngår opplæringskontrakt. Promoterer sluttproduktet etter grunnkompetanseprosjektet, eit hefte om Yrkesfagleg grunnutdanning.	Tettare samarbeid med bedriftene på deira premissar.  Samarbeid med OT/PPT, NAV og skulane om kven lærekandidat-ordninga er for, og kva muligheter som finst.  Syte for at ordninga vert omtalt godt i søkjarhandboka.	Fylkesdir. opplæring
4	Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon	Konklusjon i løpet av våren -14. Må sjåast på i samband med budsjett-arbeidet.	Avklare kor mange lærlingar i kva fag som kan få plass i HFK i åra framover.	Fylkesdir.organisasjon
5	Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar	Lage plan for arbeidet innan 31.05.2014  Avklare ressurs-tilgang for bedriftsbesøk innan 30.06.2014	Systematisere innsamling av data frå bedrifter og lærlingar.  Kvalitetssikre arbeidet med bedriftsbesøk.  Årleg besøke alle oppl.kontor og eit visst tal på bedrifter ut frå fokus-område.	Fylkesdir. opplæring
6	Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingar-saker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse	Sjå i samanheng med punktet over  Lage plan for arbeidet innan 31.05.2014  Avklare ressurs-tilgang for bedriftsbesøk innan 30.06.2014	Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd.  Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege «problemhevingar» og bedrifter med mange stryk.  Informasjon til lærlingar og bedrifter	Fylkesdir. opplæring
7	Sikre at flest mogleg	Høg prioritet frå	Auke kapasiteten ved å:	Fylkesdir.

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
	gjennomfører instruktør-kurs	01.01.2014 og dei næraste 3-5 åra.  Sak om rutinar og opptrappingsplan blir lagt fram på møtet i OPHE 03.06.2014	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøve ut eindagskurs</li> <li>• Ha tilbod om kveldskurs</li> <li>• Ha fleire bransjespesifikke kurs</li> <li>• Auke talet på ordinære kurs</li> </ul> Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar	opplæring
8	Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opp-læringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på lære-plassar innanfor ulike fagområde	Avklare rutinar innan juni 2014.  Samarbeidsprosjekt 01.09.-31.10.2014.	Avklare rutinar for arbeidet internt i opplæringsavdelinga.  Også inkludere læreplasstal i samband med prognoseinntaket.  Samarbeidsprosjekt med opplæringskontor i TIP og EL.	Fylkesdir. opplæring
9	Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet	Plan ferdig innan 30.06.2014. Iverksetting av tiltak frå 2015.	Følgjande tiltak kan vere aktuelle: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeid med opplærings-kontora om informasjonsmøte for nye lærlingar</li> <li>• Fagopplæringskontoret arrangerer årlege informasjonsmøte for nye lærlingar utanfor oppl.kontor</li> <li>• Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning</li> </ul>	Fylkesdir. opplæring

2. Fylkestinget tar planen til orientering.
3. Fylkestinget ber om at ressursbehovet for oppfølging av tiltaksplan dekkes innanfor de eksisterende budsjetttrammer.

## PS 85/14 Fordeling av midlar til regional planlegging 2014

### Forslag til vedtak

- |   |               |
|---|---------------|
| 1. Forvaltningsplan for vatn                        | kr. 150 000   |
| Klimaplan for Hordaland 2014-2030.                  | kr. 250 000   |
| Regional plan for attraktive senter                 | kr. 550 000   |
| Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger | kr. 150 000   |
| Plan for kompetanse og arbeidskraft                 | kr. 100 000   |
| Regional planstrategi                               | kr. 150 000   |
| Regional plan for folkehelse                        | kr. 30 000    |
| Regional kulturplan                                 | kr. 550 000   |
| Utviklingsplan for indre Hordaland                  | kr. 300 000   |
| Midlar til seinare fordeling                        | kr. 380 000   |
| Regional plan for Hardangervidda                    | kr. 42 000    |
| Totalt  | kr. 2.642 000 |

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til mindre justeringar av budsjettet etter behov.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Forvaltningsplan for vatn	kr.	150 000
Klimaplan for Hordaland 2014-2030	kr.	250 000
Regional plan for attraktive senter	kr.	550 000
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger	kr.	150 000
Plan for kompetanse og arbeidskraft	kr.	100 000
Regional planstrategi	kr.	150 000
Regional plan for folkehelse	kr.	30 000
Regional kulturplan	kr.	550 000
Utviklingsplan for indre Hordaland	kr.	300 000
Midlar til seinare fordeling	kr.	380 000
Regional plan for Hardangervidda	kr.	42 000
<b>Totalt</b>	<b>kr.</b>	<b>2 642 000</b>

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til mindre justeringar av budsjettet etter behov.

### **PS 86/14 Søknad frå Fjordhesten AS om ruteløyve for strekningar i Åsane**

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner Fjordhesten AS sin søknad om ruteløyve for 10 år på strekninga Sætre - Klauvaneset - Nyborg - Dalavegen ved Melingen - Flaktveit - Åsane terminal - Morvik - Baugtveit – Salhus.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at alle passasjerar må ha av- eller påstiging på Sætre, Dalavegen ved Melingen eller Baugtveit.

#### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

#### Røysting

Fylkerådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner Fjordhesten AS sin søknad om ruteløyve for 10 år på strekninga Sætre - Klauvaneset - Nyborg - Dalavegen ved Melingen - Flaktveit - Åsane terminal - Morvik - Baugtveit – Salhus.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at alle passasjerar må ha av- eller påstiging på Sætre, Dalavegen ved Melingen eller Baugtveit.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner Fjordhesten AS sin søknad om ruteløyve for 10 år på strekninga Sætre - Klauvaneset - Nyborg - Dalavegen ved Melingen - Flaktveit - Åsane terminal - Morvik - Baugtveit – Salhus.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at alle passasjerar må ha av- eller påstiging på Sætre, Dalavegen ved Melingen eller Baugtveit.

### **PS 87/14 Evaluering av konkurranseutsetjing av reinhald på 3 vidaregåande skular**

#### Forslag til innstilling

1. Reinholdet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland skal som hovudregel framleis utførast av eigne tilsette reinholdarar. Det same gjeld ved andre fylkeskommunale einingar, til dømes fylkesadministrasjonen.
2. Ordninga med eksternt reinhold held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhold eller eksternt reinhold. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhold vert difor vidareført inntil vidare.
3. Det vert starta eit arbeid med gjennomgang av organiseringa av reinholdstenestene. Dette arbeidet skal også omfatte ei utgreiing av alternative måtar å organisere reinholdet på, til dømes om det er mogeleg og tilrådeleg å etablere ein eigen vikarpool for skular og andre einingar. I første omgang vil dette vere aktuelt i sentrum av Bergen, der det er kort avstand mellom dei fylkeskommunale einingane.

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 08.04.2014**

Ingrid Reitan sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

«Pkt. 1 i saken strykes.

Nytt pkt. 3: Det startes et arbeid med gjennomgang av organiseringen av renholdstjenestene med sikte på å få etablert renholdstjenestene i en egen fylkeskommunal enhet.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.  
Reitan sitt alternative forslag til fylkesrådmannen sitt pkt. 1 vart vedteke med 7 røyster (H/FRP/V).  
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 vart samrøystes vedteke.  
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3 fekk 5 røyster (AP/SP) og fall.  
Reitan sitt alternative forslag til fylkesrådmannen sitt pkt. 3 vart vedteke med 8 røyster (H/FRP/V/KRF).

### **Innstilling**

1. Ordninga med eksternt reinhold held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhold eller eksternt reinhold. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhold vert difor vidareført inntil vidare.
2. Det startes et arbeid med gjennomgang av organiseringen av renholdstjenestene med sikte på å få etablert renholdstjenestene i en egen fylkeskommunal enhet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Saka vart utsett til neste møte, jf. sak 78/14.

### **PS 88/14 Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om ruteløyve for strekninga Breistein - Valestrand**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner Osterøy Ferjeselskap AS sin søknad om ruteløyve for 10 år for ferjesambandet Breistein – Valestrand. Fylkesutvalet legg til grunn at drifta vert vidareført utan fylkeskommunalt tilskot.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner Osterøy Ferjeselskap AS sin søknad om ruteløyve for 10 år for ferjesambandet Breistein – Valestrand. Fylkesutvalet legg til grunn at drifta vert vidareført utan fylkeskommunalt tilskot.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner Osterøy Ferjeselskap AS sin søknad om ruteløyve for 10 år for ferjesambandet Breistein - Valestrand. Fylkesutvalet legg til grunn at drifta vert vidareført utan fylkeskommunalt tilskot.

### **PS 89/14 Investeringsmidler 2014 - Omfordeling av 2 millioner**

#### **Forslag til innstilling**

Omfordeling av 2 millionar kroner vert fordelt slik

Utstyrsmidler	1 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	1 000 000 kroner

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 08.04.2014**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

Omfordeling av 2 millionar kroner vert fordelt slik:

Utstyrsmidler	1 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	1 000 000 kroner

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Omfordeling av 2 millionar kroner vert fordelt slik:

Utstyrsmidler	1 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	1 000 000 kroner

### **PS 90/14 Nye retningslinjer for avsetjing til frie fond ved dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule**

#### **Forslag til innstilling**

Det vert oppretta nye retningslinjer for avsetjing til frie fond for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule som skissert i saka. Retningslinjene trår i kraft frå og med 01.01.2015 (ved årsoppgjeret for 2014).

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 08.04.2014**

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## Innstilling

Det vert oppretta nye retningsliner for avsetjing til frie fond for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule som skissert i saka. Retningslinene trår i kraft frå og med 01.01.2015 (ved årsoppgjeret for 2014).

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

Det vert oppretta nye retningsliner for avsetjing til frie fond for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule som skissert i saka. Retningslinene trår i kraft frå og med 01.01.2015 (ved årsoppgjeret for 2014).

## PS 91/14 Fylkeskommunale gardsbruk - fordeling av investeringsmidler 2014

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner slik disponering av midlane på samlepost til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk for 2014:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	65802000	02320	Stend vgs, - Kjøp av utstyr	450 000	
10	65902000	02320	Voss jordbruksskule - Kjøp av utstyr	315 000	
10	65702000	02320	Hjeltnes vgs - Kjøp av utstyr	235 000	
10	77202900	02320 06999	Jordbruksskulegarder m.v. - Samleløyving		1 000 000
				1 000 000	1 000 000

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner slik disponering av midlane på samlepost til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk for 2014:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	65802000	02320	Stend vgs, - Kjøp av utstyr	450 000	
10	65902000	02320	Voss jordbruksskule - Kjøp av utstyr	315 000	
10	65702000	02320	Hjeltnes vgs - Kjøp av utstyr	235 000	
10	77202900	02320 06999	Jordbruksskulegarder m.v. - Samleløyving		1 000 000
				1 000 000	1 000 000

## PS 92/14 Samarbeid med CONNECT Vest-Norge, 2014 - 2017.

### Forslag til vedtak

"[Klikk her for å skrive]"

1. CONNECT Vest-Norge får ei tilsegn på inntil kr 540.000 som støtte til sitt arbeid kvart år i perioden Regional næringsplan for Hordaland 2014 – 2017 gjeld.

2. Tilsegna er kvart år basert på søknad der aktivitetar og planar vert skissert, samt ei årleg ordinær rapportering.
3. Hordaland fylkeskommune vil utabeide ein partnerskapsavtale med CONNECT Vest-Norge for den aktuelle tidsperioden.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

**Mona Røsvik Strømme** sette fram slikt forslag:

1. "CONNECT Vest-Norge får ei tilsegn på inntil kr 540.000 som støtte til sitt arbeid kvart år i perioden Regional næringsplan for Hordaland 2014-2017 gjeld. Tilsegna vert vurdert opp mot den årlege ramma for tildelte midlar til regional utvikling i Hordaland.
2. Tilsegna er kvart år basert på søknad der aktivitetar og planar vert skissert, samt ei årleg ordinær rapportering.
3. Hordaland fylkeskommune vil utarbeide ein partnerskapsavtale med CONNECT Vest-Norge for den aktuelle tidsperioden."

**Tom-Christer Nilsen** sette fram slikt forslag:

"Det er behov for tilleggsopplysningar. Saka vert utsett til neste møte."

#### **Røysting**

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Det er behov for tilleggsopplysningar. Saka vert utsett til neste møte.

### **PS 93/14 Tilskot til utbygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune**

#### **Forslag til vedtak**

Hordaland fylkeskommune finn ikkje innafor budsjettamma 2014 å kunne medverke til finansiering av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H og V fram slik forslag:

"Hordaland fylkeskommune løyver kr. 1 000 000 i tilskot til bygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.

Finansiering frå fylkesutvalet sin "Til rådvelde"-konto."

**Sveinung Valle** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slik forslag:

"Fylkesutvalet løyver kr 2 500 000 til Nordhordland Skogeigarlag som delfinansiering av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune. Dette føreset at prosjektet vert fullfinansiert ift. plan.

Løyvinga vert å ta frå disposisjonsfondet."

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.  
Valle sitt forslag fekk 7 røyster (A, Sp, KrF, SV) og fall.  
Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Hordaland fylkeskommune løyver kr. 1 000 000 i tilskot til bygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.

Finansiering frå fylkesutvalet sin "Til rådvelde"-konto.

## PS 94/14 Ymse

### Fylkesutvalet 23.04.2014

#### Temadag

for fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet og samferdselsutvalet på Hotel Grand Terminus.

Tema: Vi utviklar Hordaland

Møteleiar: Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen

Følgjande vart presentert:

1. Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel v/seksjonsleiar Marit Rødseth, regionalavdelinga.
2. Regional areal- og transportplan for Haugalandet v/rådgjevar Bernt Østnor, Rogaland fylkeskommune.
3. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet v/fylkesordførar Tom-Christer Nilsen.
4. KVV Arna-Voss v/ regionvegsjef Helge Eidsnes, Statens vegvesen og regiondirektør Lars Chr. Stendal, Jernbaneverket.
5. KVV Logistikknutepunkt Bergensregionen v/regiondirektør Lars Chr. Stendal, Jernbaneverket.
6. Regional hamn v/fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen.
7. Bybanen: Hvor står prosessen nå? v/plansjef Mette Svanes, Bergen kommune.
8. Bybanen: Kvalitetssikring av investeringskostnader v/seksjonsleiar John Martin Jacobsen, samferdselsavdelinga.
9. Regional kulturplan 2014-2024 v/saksordførar Nils Marton Aadland.

Presentasjonane vert sende til utvala.

Folkevalde deltakarar:

#### Fylkesutvalet

Sveinung Valle	A
Astrid F. Selsvold	A
Marte Malones	A
Terje Søviknes	Frp
Inger Ulvund	Frp
Tom-Christer Nilsen	H
Mona Røsvik Strømme	H
Inge Reidar Kallevåg	H
Birthe Eriksen	H



Torill Selsvold Nyborg	KrF
Benthe Bondhus	Sp
Aud Karin Oen	SV
Mona Haugland Hellesnes	V

#### **Samferdselsutvalet**

Atle Kvåle	A
Anne-Line Innvær	A
Øyvind Hardeland	A
Gustav Bahus	Frp
Inger Signe Ulvund	Frp
Einar Lutro	H
Eli Årdal Berland	H
Stein Inge Ryssdal	H
Pål Kårbø	KrF
Jostein Ljones	Sp
Tom Skauge	SV
Alf Helge Greaker	V

#### **Kultur- og ressursutvalet**

Siri Klokkestuen	A
Nils Marton Aadland	H
Neshe Lie	H
Natalie Antonia Golis	MDG
Anne Beth Njærheim	V

#### **Fylkesutvalet 24.04.2014**

##### **Spørsmål innsende før møtet**

**Aud Karin Oen** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Ny teknologi gjer at hurtigbåt no ser ut til å verta mykje mindre forureinande, jmf. Maritime Clean Tech West sitt nye konsept <http://www.maritimecleantech.no/content.aspx?page=105062>.

Vil hurtigbåt til Sotra verta vurdert i ljøs av dette?"

Fylkesordføraren svarte slik:

##### **"Snøggbåt til Sotra**

Aud Karin Oen viser til Maritim Clean Tech West (MCTW) sitt båtkonsept "Urban Water Shuttle" for utsleppsfri kollektivtransport i storbyar. MCTW arbeider no for å få tatt prosjektet vidare i eit hovudprosjekt, der målsettinga er å utvikle eit pilotprosjekt der konseptet med nullutsleppsteknologi vert demonstrert i fullskala.

Fylkesordføraren er positiv til at industriklynger som MCTW utviklar nye båtkonsept og ny miljøvenleg framdriftsteknologi for snøggbåtane. Spørsmålet er korleis og kor slike nye miljøbåtkonsept skal implementerast i snøggbåtsambanda til Hordaland fylkeskommune.

Fylkesutvalet vedtok 21.03.2013, sak 78/13, at innkjøp av miljøbåt i snøggbåtsambandet Kleppstø-Nøstet skal leggjast opp som ein ordinær anbudsprosess etter reglane i "Lov om offentlig anskaffelse". Fylkesrådmannen grunngav her "normal anbudsprosedyre etter innkjøpsregelverket" med at dette inneber minst økonomisk risiko for fylkeskommunen, samstundes som ein ved denne framgangsmåten legg til rette for at fleire teknologinettverk vert utfordra i konkurransen om utviklingsprosjektet.

Fylkesutvalet handsama 05.12.2013 "Miljøstrategi for Skyss", sak 279/13, og bad fylkesrådmannen leggje denne strategien til grunn for arbeidet med nye kollektiv anbod i åra framover. I miljøstrategien legg ein opp til at ein i forkant av kvart enkelt kollektiv anbod vil vurdere kva som er den beste tilgjengelege teknologien, og anbuds konkurransane vil avgjere dei konkrete løysingane.

I miljøstrategien legg ein opp til å redusere miljøbelastninga frå båttrafikken ved å redusere utsleppa gjennom fornying av materiell, i større grad tilpassa tilbodet med båt til trafikkgrunnlaget og vere restriktiv med å tilby snøggbåt der buss er eit konkurransedyktig alternativ.

Eg viser og til melding 44/13 til fylkesutvalet 17.04.2013:

*"I den næraste framtida kan ein ikkje sjå at det ligg til rette for å etablera ei båtrote mellom Sund/Fjell og Bergen. Bakgrunnen for dette er både marknadsmessige, driftsmessige og økonomiske vurderingar. I tillegg manglar området tenleg infrastruktur i form av sentrale kaianlegg med tilhøyrande parkeringsareal."*

Snøggbåt til Sotra vart sist vurdert i samband med søknad frå CCB til etablering av snøggbåtrute mellom Bergen og Ågotnes. Fylkeskommunen legg til grunn at kollektivtilbod som har fylkeskommunal støtte skal konkurranseutsetjast, i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.

Fylkesordføraren vurderer båtkonseptet til MCWT til å vere i ein tidleg utviklingfase. Men i framtida kan det bli aktuelt med slike fartøy i bynære strok, om dei er konkurransedyktige i høve andre kollektive transportmiddel som buss og bane."

**Aud Karin Oen** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Cornerteateret har økonomiske vanskar. Kor mykje støtte har dei fått hjå fylkeskommunen. Har dei sendt ny søknad til Hfk om støtte? Er det aktuelt å sjå på den økonomiske situasjonen deira på nytt?"

Fylkesordføraren svarte slik:

**"Cornerteaterets økonomiske situasjon**

Hordaland fylkeskommune mottok frå Teaterdrift Bergen A/S søknad om ekstraordinær driftstøtte til Cornerteateret datert 10. april 2014. Fylkeskommunen har også tidlegare vore varsla munnleg om den vanskelege økonomiske situasjonen for Cornerteateret.

I søknaden frå 10. april viser Teaterdrift Bergen A/S til krisesituasjonen som rår for Cornerteateret i dag. Bergen kommune har løyvd eit ekstraordinært tilskot til Teaterdrift Bergen A/S på 311 000 kroner.

Cornerteateret er drive av Vestlandske teatersenter (VT) og Proscen. Teaterdrift Bergen A/S er oppretta som eit driftsselskap for teaterhuset, med desse to organisasjonane som eigarar av selskapet. Hordaland fylkeskommune gir driftsstøtte til både Proscen (105 000 i 2014) og Vestlandske teatersenter (392 000 i 2014). Driftsstøtta til Vestlandske teatersenter vart auka med 150 000 frå året før for å stø meir opp om organisasjonen og arbeidet dei gjer i Cornerteateret.

Teaterdrift Bergen A/S har fått midlar frå Hordaland fylkeskommune via ordningane Tilskot til lokale kulturbygg og frå Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar – til saman 1 000 000 kroner fordelt på 2 år (2012 og 2013).

Søknaden om ekstraordinær driftsstøtte for 2014 vil bli lagt fram for kultur- og ressursutvalet 13. mai 2014."

**Aud Karin Oen** hadde sendt inn slikt spørsmål 24.04.2014:

"Ser i media at Hordaland fylkeskommune saman med Bergen kommune har funne løysingar for ein del kulturinstitusjonar på nøstet, det er bra.

Korleis går det med flytting/etablering av Hordaland teater/nynorsk scene til Bergen sentrum?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Hordaland fylkeskommune gav ei løyving på kr. 500 000 til utgreiing av lokalisering av Hordaland Teater i møte i fylkesutvalet 31.10.2013.

I budsjettsøknad for 2015 skriv Hordaland Teater følgjande: "i skrivande stund jobbar vi målretta mot eit aktuelt lokale, og vi håpar at dette kan ende i flytting, i nær framtid."

Fylkeskommunen har ikkje motteke noka formell tilbakemelding om status for dette arbeidet, og avventar tilbakemelding frå styret.

Grunna kort tidsfrist for når spørsmålet vart reist, har det ikkje vore mogeleg å undersøkje status for flytting av teateret nærare."

Birthe Eriksen, styreleiar i Hordaland Teater LL, gjorde greie for status i flyttesaka:

"Det er no tilsett ny administrativ leiar i teateret som tiltrer den 1. juni. Han vil prioritere arbeidet med å få teateret flytta. Saka vil og bli handsama i eigarmøte den 29. april, det gjeld særskilt korleis ein skal arbeide i høve til finansiering og statlege myndigheiter. Forprosjekt for å dokumentere tekniske krav til nytt lokale skal setjast i gang i vår. Det har vore dialog om eit bestemt lokale, men denne prosessen er fryst i påvente av at ny leiar skal tiltre. Det vil og vere aktuelt å vurdere andre lokale."

### **Spørsmål i møtet**

**Marte Malones** viste til referatsak 24/14 i opplærings- og helseutvalet med svar på spørsmål frå Rasmus Laupsa Rasmussen om dei som ikkje får læreplass. Ho bad om ytterlegare svar på følgjande spørsmål:

"Fylkesutvalet ber om at det legges frem informasjon om hvor mange elever med bestått i alle fag, og med god orden og oppførsel som ikke får lærlingeplass i Hordaland. Denne informasjonen bør også vise fagområdet og elevens kjønn. Dersom denne informasjonen ikke er tilgjengelig for tidligere år, er det ønskelig at denne informasjonen registreres for 2014."

Fylkesordføraren vil gje svar i neste møte.

**Nils-Olav Næss** etterlyste svar på sitt spørsmål i fylkesutvalet 27.03.2014 om "Ettertankens dag i Hordaland". Fylkesordføraren opplyste at svar er under utarbeiding. Svaret vert sendt til fylkesutvalet når det er klart.

### **Ymse**

Fylkesordføraren orienterte om at fylkesutvalet sin studietur i samband med møtet onsdag 24. og torsdag 25. september går til Västra Götaland og København. Representantane må rekne med ein ekstra dag (truleg fredag 26. september.)

Fylkesordføraren legg opp til å ha nettverksorganisering m.v. som tema på eit møte i fylkesutvalet.